



SURNADAL KOMMUNE

Kontor

Det Kongelige Olje- og energidepartement

Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
04 / 1944 - 129	
DATO 28 FEB. 2005	
AN 521	LAGP.

Dykkar ref.

Vår ref.
LG/05/00456-006

Arkivkode
S10 &13

Dato
25.02.2005

MELDING OM POLITISK VEDTAK - NOU 2004:26 HJEMFALL - HØRING

Kommunestyret har i møte 17.02.2005, sak 0007/05 fatta følgjande vedtak:

Surnadal kommunestyre sine synspunkt kan samanfattast slik:

- Heimfallssaka gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og berører vitale verdiar for det norske samfunnet både i dag og for våre etterkommarar.
- Strøm er i tillegg til handelsvare også ein heilt nødvendig infrastruktur i samfunnet på linje med mellom anna renovasjon, vatn og avløp. Det er derfor viktig med ein tung og spreidd offentleg eigarskap, og nye heimfallsreglar må ha som mål fortsatt å stimulere til slik eigarskap
- Fleirtalet sitt forslag kan føre til press på sal av offentlege eigardelar og tek i vare verken dei nasjonale interesser eller omsynet til dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar, som ønsker fortsatt eigarskap.
- Mindretalet sitt forslag gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar. Transaksjonsalternativet er den modellen som klart best ivaretek kommunen sine interesser som eigar både på kort og lang sikt.
- Kommunen støttar slik mindretalet sitt forslag og viser til grunngjevingane som er gitt i mindretalsmerknaden
- Den norske stat må sørge for ei avklaring av EØS-avtalen si betydning for framtidige konsesjons- og heimfallsregler. Vi viser i den samanheng til utgreiinga til KS frå dr. juris Finn Arnesen, som viser at Norge har eit større handlingsrom enn det som kjem fram i utvalet si innstilling.

- Saka må ikkje fremmast for endeleg behandling før grundige konsekvensutgreiingar ligg føre. Saka si store betydning tilseier at befolkinga må få vere med på å få ta stilling til saka gjennom det kommande stortingsvalet. Saka må slik ikkje behandlast endeleg før neste stortingsperiode.

Med helsing


Lilliann Bøe Grønvold
sekretær

Vedlegg: Samla saksframstilling sak 0007/05 i Surnadal kommunestyre

SURNADAL KOMMUNE

SAMLET SAKSFRAMSTILLING

NOU 2004:26 HJEMFALL - HØRING

Saksbehandler: Råg Ranæs
Arkivsaksnr.: 05/00456

Arkiv: S10 &13

Saksnr.: Utvalg
0007/05 Kommunestyret
Saksbehandler: Bergsvein Brøske
Arkivsaksnr.: 05/00456-002

Møtedato
17.02.2005

Arkiv: S10 &13

NOU 2004:26 HEIMFALL - HØRING

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

05/00456-001 I Olje- og energidepartementet
01.12.2004 NOU 2004:26 HJEMFALL - HØRINGSDOKUMENT

Bakgrunn for saka:

Olje- og energidepartementet sette ned ved kongeleg resolusjon 4. april 2003 eit breitt samansett utval for å greie ut ei vidareført heimfallsordning og utforminga av denne. Utvalet skulle også vurdere behovet for endringar i det noverande heimfallsregimet og konsekvensane av å oppheve heimfallsinstituttet.

Heimfallsutvalet overleverte si utgreiing, NOU 2004: 26, til Olje- og energidepartementet 30. november 2004.

Generelt om heimfallsordninga

Følgjande orientering er henta frå Rindal kommune sitt arbeid med saka:

"Definisjon. Historikk.

Hjemfall innebærer at vannfall og kraftverk vederlagsfritt overføres til staten ved endt konsesjonsperiode. Hjemfallsinstituttet ble først etablert gjennom praksis og kom inn i lovverket ved den første konsesjonsloven i 1909. Instituttet er i dag hjemlet i industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven av 1917 – som begge fortsatt gjelder.

Fram til i dag har det vært en bred enighet om at vi kan takke våre framsynte lovgivere rundt århundreskiftet for at Norge fikk utvikle seg fra å være ett av Europas fattigste land til å bli ett

av de rikeste. Konsesjonslovene og hjemfallsinstituttet som ble etablert for våre vannkraftressurser var viktige bidrag i denne sammenheng. Denne lovgivningen sto også sentralt da oljeletingen skjøt fart i 1970-årene, og man etablerte både et sterkt offentlig eierskap og regler om forkjøpsrett, som har bidratt til at vi har kunnet høste av våre naturressurser nasjonalt.

Hjemfall etter 60 år for private eiere. Ubegrenset konsesjon for offentlige.
Konsesjonsreglene på vannkraftsektoren går ut på at en privat eller utenlandsk utbygger gis konsesjon for en tidsbegrenset periode på inntil 60 år. Etter konsesjonstidens utløp hjemfaller vannfallet og alle innretninger i tilknytning til dette vederlagsfritt til den norske stat.

Er derimot utbyggeren en kommune, fylkeskommune eller staten selv – eller selskaper som i hovedsak er eid av disse – gis konsesjonen på ubegrenset tid.

Regler ved overdragelse fra offentlige til private/utenlandske eiere.
I dag regner man med at ca. 6,5 prosent av vår vannkraftproduksjon er underlagt hjemfall. De offentlige eide selskapenes tidsbegrensede konsesjoner (som tilsvarer nær 90 prosent av vår vannkraftproduksjon) gjelder imidlertid bare så lenge disse selskapene tilfredsstiller vilkåret om offentlig eierskap. Velger en kommune, fylkeskommune eller staten å selge til private eller utenlandske aktører mer enn en tredjedel av kraftselskapets kapital eller stemmer, opphører den tidsbegrensede konsesjonen – og staten vil kreve hjemfall 60 år regnet fra opprinnelig konsesjonstidspunkt. (Eksempelvis vil den nye private eieren ved salg av et kraftverk bygd i 1960 som selges i 2005 ha konsesjon i 15 år til (til 2020)). Sammenholder en dette med at de største vannkraftutbyggingene fant sted fra 1950-80, innebærer dette en effektiv barriere mot salg av offentlig eide kraftverk.

ESA hevder at hjemfallsregelverket er i strid med EØS-avtalen.
Både fra norsk forvaltning og ESAs side er det kommet initiativ for å endre dette regelverket. I et høringsnotat fra 2002 begrunner Olje- og energidepartementet forslaget om å endre regelverket med at det er ønskelig å få et marked ikke bare for omsetning av kraft (kWh), men også for omsetning av kraftverk. Olje- og energidepartementets konkrete begrunnelse er at det er ønskelig å få inn ny kapital og kompetanse i denne sektoren.

Fra ESAs side hevdes det at de norske reglene er i strid med EØS-avtalen. ESA hevder at reglene som forskjellsbehandler private og utenlandske aktører – og offentlige selskaper er i strid med EØS-avtalens regler om fri kapitalbevegelse og fri etableringsrett. Den norske stat har så langt tilbakevist ESAs påstand om at de norske reglene er i strid med EØS-avtalen, men foreslår likevel endringer i regelverket ut fra andre årsaker.

Departementets forslag fra 2002

Departementets opprinnelige forslag fra 2002 gikk ut på at det skulle innføres hjemfall for alle kraftselskap – uavhengig av eierskap, 75 år regnet fra lovendringstidspunktet. Departementet viste til at forslaget ville tilfredsstille ESAs krav om likebehandling. Forslaget førte til en massiv kritikk fra alle involverte. Fra bransjen ble det påstått at forslaget ville innebære et ran av kommunale verdier, mens kommunene selv mente at forslaget ville føre til et massivt salgspress av offentlige kraftandeler.

NOU 2004:26. Mandatet var videreføring av regelverket.

I april 2003 ble det nedsatt et utvalg for å vurdere ulike alternative modeller. Utvalget skulle også påpeke konsekvensene av å oppheve ordningen, men det lå en klar føring i mandatet at hjemfallsordningen skulle videreføres.

Utvalget overleverte sin innstilling NOU 2004: 26 til statsråden 30. november 2004. Utvalget – som har bestått av representanter for de ulike interesseorganisasjoner knyttet til bransjen, tre departementer samt tre uavhengige – er delt i alle spørsmål.

*Flertallets forslag (lik behandling private/offentlige, hjemfall 75 år fra lovendring)
Flertallet på 6 medlemmer – hvor blant andre EBL og PIL er med – går inn for en modell hvor hjemfall først inntreffer 75 år etter en lovendring, og at konsesjonæren på dette tidspunktet (dvs. om 75 år) får en ubetinget rett til å beholde 33 prosent av kraftverket uendret (såkalt partielt hjemfall). EBL og PIL skriver i NOU'en at deres prinsipale oppfatning er at hjemfallsinstituttet bør fjernes.*

Departementets tre representanter går også inn for at hjemfall skal inntreffe først 75 år etter lovendringen, men støtter ikke forslaget om partielt hjemfall. Statens representanter går således inn for et totalt hjemfall, men likevel slik at konsesjonæren på hjemfallstidspunktet gis rett til 20 prosent av vannfallet eller dets verdi dersom vannfallet ikke nedlegges. Forskjellen på flertallet og departementets forslag er således ikke så stor.

*Mindretallets forslag (Hovedmodell: offentlige eiere gis evigvarende konsesjoner inntil salg, deretter konsesjon i 60 år og så hjemfall, kjøpere likestilles)
Et mindretall bestående av LO, dagens kommunale eiere representert v/KS og vertskommunene v/LVK går inn for en modell hvor tidsbegrensede konsesjoner på 60 år innføres først gjennom salg (transaksjon). Konsesjonsperioden vil i så fall bli regnet fra salgstidspunktet. Mindretallet viser til at EØS-avtalen ikke kan gis tilbakevirkende kraft for allerede gitte konsesjoner – før EØS-avtalens vedtakelse. Dersom en slik transaksjonsmodell ikke aksepteres av ESA, går mindretallet subsidiært inn for en såkalt rettighetsmodell, som gir en større kompensasjon til dagens eiere enn flertallet og departementet foreslår, men hvor det stilles vilkår om at dagens konsesjonær også er konsesjonær på hjemfallstidspunktet. Dette for å demme opp mot det store salgspresset som vil komme med den markedsåpning som vil komme av den forlengete konsesjonsperioden som alle forslag vil innebære."*

Vurdering

Heimfallsordninga vart innført av Stortinget for hundre år sia for å sikre eit nasjonalt eigarskap til våre vasskraftressursar. Heimfallsordninga – som gir private/utanlandske eigarar tidsbegrensa konsesjonar med heimfall til staten og offentlege eigarar evigvarande konsesjonar – har sørga for at kraftsektoren i dag er eigd av det offentlege med 90 prosent. Kraftsektoren har vore og er ei bærebjelke i det norske samfunnet, samtidig som sektoren råder over nokre av våre viktigaste naturverdiar. Med dei endringar Heimfallsutvalet foreslår, blir grunnlaget for dagens eigarskap i vasskraftsektoren sett på spel.

Samtidig uttalar eit samla utval på s.12:

"Vassdragene representerer fornybare og evigvarende ressurser av stor nasjonal verdi, både økonomisk og miljømessig. I dag er kraftproduksjon den viktigste økonomiske utnyttelsen. Vannkraften utgjør 99 prosent av kraftproduksjonen i landet, og er av grunnleggende betydning for verdiskapingen og velferden. Norge har et unikt fortrinn i å utnytte disse

naturressursene til kraftproduksjon. For å sikre at vassdragsressursene blir utnyttet på best mulig måte ut fra samfunnets interesser nå og i fremtiden, er det nødvendig med et godt utbygd system av økonomiske og administrative virkemidler.”

Kommunen er einig i denne beskrivinga av kraftsektoren si betydning. Når utvalet da foreslår gjennomgripande endringar i heimfallsordninga, burde følgjande føresetnader vore til stades:

- a) Utvalet har ei klar målsetting med dei endringar som blir foreslått
- b) Utvalet har ei klar oversikt over verknadene av dei endringar som blir foreslått

Eit fleirtal på ni av utvalet sine tolv medlemmar foreslår at konsesjonæren på heimfallstidspunktet skal få ei ubetinga rett til ein del av anlegga eller verdien til det. Denne retten til eit evigvarande eigarskap vil auke marknadsverdien av kraftanlegga i dag. Dette forslaget vil forsterke salspresset på dagens offentlege eigarar ytterlegare.

Kommunen kan ikkje sjå at fleirtalet har beskreve noko klart mål med dei endringsforslag som er fremma. Heller ikkje kan kommunen sjå at fleirtalet har gitt noko klar beskriving av dei verknadene endringane vil ha, til dømes i forhold til dei store samfunnsverdiar som kraftsektoren forvaltar, jf. det grunnleggande forvaltingsprinsippet i plan- og bygningslova § 33-1 om at ”Formålet med en konsekvensutredning er å klargjøre virkninger av tiltak som kan ha vesentlige konsekvenser for miljø, naturressurser eller samfunn”.

Det har tidlegare vore opplyst at regjeringa har hatt til hensikt å fremme sak for Stortinget våren 2005, basert på Heimfallsutvalet si innstilling. Når innstillinga både manglar klare mål og konsekvensutgreiingar, vil kommunen motsette seg at saka blir fremma raskt og uten at desse grunnlaga er til stades, og at befolkninga får seie sitt om saka gjennom stortingsvalet til hausten.

2 Den framtidige eigarskapen i vasskraftsektoren

Heimfallsutvalet sitt mindretall, beståande av representantane for KS, LO og LVK har i ei felles uttale teke med i innstillinga kap 10.4.3 fremma andre forslag til nye heimfallsmodellar. Her blir det mellom anna uttala:

”Våre vassdrag og vannkraftproduksjonen for Norge har i seg verdier som rekker langt ut over bedrifts- og samfunnsøkonomiske modeller. (...) Disse medlemmer ser det derfor slik at verken skatte- eller konsesjonsreglene fullt ut ivaretar de sterke samfunnsmessige behov for styring og kontroll som foreligger i vannkraftsektoren. Det offentlige eierskapet har derfor en stor egenverdi. (...) Bare gjennom et omfattende offentlig eierskap kan disse verdiene sikres for senere generasjoner.”

Kommunen sluttar seg fullt ut til desse uttalane og til dei grunngevingar som mindretallet har gitt.

Fleirtalet synes nærmast å ha ei likegyldig haldning til den framtidige eigarskapen i vasskraftsektoren, jf følgande fra s. 142 i utgreiinga:

”Flertallets forslag til fremtidig hjemfallsregime kan likevel innebære økt privat eierandel i kraftsektoren.(...) En eventuell økning av utlendingers eierandel i norsk kraftnæring vil derfor reflektere en allmenn utvikling med sterk vekst i grensekryssende investeringer.”

Kommunen vil vise til at uavhengige økonomiske sakkyndige har konkludert med at fleirtalet sitt forslag ikkje berre ”kan” innebære auka privat og utanlandsk eigarskap, men mest

sannsynleg vil gjere det, og at det offentlege utsalet vil bli betydeleg. Fordi dette strider mot kommunen sitt syn på den framtidige eigarskapen i kraftsektoren, vil kommunen motsette seg fleirtalet sitt forslag til framtidige heimfallsmodellar

3 Forholdet til dagens offentlege eigarar

Dagens offentlege eigarskap er delt mellom staten med 50 prosent gjennom Statkraft AS, og kommunale og fylkeskommunale eigarar med om lag 40 prosent. For vår del så eig Surnadal kommune 41% av Svorka Energi AS.

Det er kommunen sitt syn at den spreidde offentlege eigarskapen har mange positive sider, og at ei framtidig heimfallsordning bør gje grunnlag for ei vidareføring av dette.

Fleirtalet på ni foreslår at konsesjonæren på heimfallstidspunktet skal bli gjeve ein ubetinga rett til ein del i det heimfalte anlegget. Forslaget skal blant anna tilgodesjå dei offentlege eigarane som ønsker å selge ved at "dersom en offentlig eier ikke lenger ønsker å drive med kraft-produksjon vil salgssummen forventes å reflektere den fremtidige konsesjonærens rettigheter ved hjemfallet". Fleirtalet sitt forslag på dette punktet vil med andre ord forsterke det salspresset som allereide ligg i fleirtalet sitt forslag. Også av denne grunn vil kommunen motsette seg fleirtalet sitt forslag, som direkte er eigna til å undergrave dagens offentlege eigarskap.

Det er frå media ei kjent sak at utanlandske kraftforetak er sterkt interesserte i å kjøpe seg inn i norske vasskraftanlegg. Fleirtalet sitt forslag vil gi slike kraftforetak evigvarande rettigheter til norske vasskraftressursar.

Fleirtalet sitt forslag på dette punktet motarbeider direkte viktige nasjonale interesser knytta til vasskraftsektoren.

4 EØS-avtalen

Forholdet til EØS-avtalen har vore sentral for Heimfallsutvalet, og det heiter i kap 10.2.6 at "Det er en sentral premiss for utvalget at forslaget til et fremtidig hjemfallsregime skal være robust i forhold til de forpliktelser Norge har gjennom EØS-avtalen."

Mindretalet sitt forslag om ein transaksjonsmodell tar sikte på å likebehandle alle framtidige konsesjonærar, uavhengig av om desse er offentlege eller private. På denne måten søker mindretalet å ivareta målsettinga i EØS-avtalen om fri etableringsrett og fri kapitalbevegelse, som er dei bestemmelsar som ESA viser til når det kritiserer dagens norske reglar.

Det går fram av utvalet si innstilling at utvalet sin EØS-utgreiar har uttrykt skepsis til mindretalet sitt forslag til ein såkalla transaksjonsmodell, og at fleirtalet "har lagt stor vekt" på dette. (s.126) Kommunen konstaterer at også staten sine tre representantar i utvalet tilhører dette fleirtalet. Vidare konstaterer kommunen at staten så seint som i brev 19. april 2002 til ESA framholdt at "konsesjonssystemet med tidsbegrensede konsesjoner og hjemfall er ledd i den statlige forvaltningen av eiendomsretten til vannfallene, og det fremgår av EØS-avtalens artikkel 125 at avtalen ikke på noen måte skal berøre avtalepartenes regler om eiendomsretten."

Kommunen slutter seg til mindretalet sitt syn om at det har oppstått ein uhaldbar situasjon i forhold til EØS-avtalen. Det er lite tillitsvekkande at den norske stat på den eine sida held fast ved at EØS-avtalen ikkje legg begrensingar på våre konsesjons- og heimfallsreglar, og på den annan side tilpassar sine synspunkt til at avtalen likevel gjeld fullt ut.

Kommunen finn det maktpåliggande at staten avklarar med ESA om og i tilfelle i kva for utstrekning EØS-avtalen legg føringer for vår framtidige heimfallsordning.

5 Konsesjonstiden sin lengde

Eit knapt fleirtal på sju i utvalet går inn for at framtidig konsesjonslengde blir sett til 75 år, mens mindretalet på fem foreslår 60 år, som er dagens ordning.

Eit samla Heimfallsutval går inn for reglar som gir ein betydeleg større marknadsopning enn dagens reglar. Det er kommunen sitt syn at desto større marknadsopning, desto viktigare er det med eit robust og reelt heimfallsinstitutt. Ut frå den overordna målsettinga om å behalde ein tung offentleg eigarskap i vasskraftsektoren også på lang sikt, støttar kommunen mindretalet sitt forslag om konsesjonstid på 60 år.

6 Private konsesjonærar

Om lag 10 prosent av kraftforsyninga er eigd av private foretak, i hovudsak den kraftkrevande industrien. Omlag 6,5 prosent av desse har tidsbegrensa konsesjonar med heimfall til staten. Fleirtalet foreslår å gjere om dagens konsesjonar til nye tidsbegrensa konsesjonar på 75 år frå lovendringstidspunktet, og med evigvarande rett til 1/3 av anlegget for konsesjonæren. Forslaget synes i hovudsak motivert av EØS-utgreiaren sine konklusjonar.

Mindretalet foreslår å vidareføre dei rettigheitar konsesjonærane har i dag. Fleirtalet sitt forslag vil innebære at dei private får ei forlenging som er lengre enn kva dei opprinneleg fikk konsesjon til. Fleirtalet sitt forslag vil vidare innebære ei betydeleg overføring frå stat og kommune til privat sektor, på fleire milliardar kroner – og heilt utan vilkår, til dømes om kor krafta skal brukast.

Kommunen gir si tilslutting til mindretalet sitt syn og viser til det som ovanfor er sagt om forholdet til EØS-avtalen.

Meir enn 30 prosent av dei private kraftanlegga er i dag heilt konsesjonsfrie fordi dei blei bygt før konsesjonslovene av 1909. Mindretalet går inn for å likestille desse anlegga konsesjonsrettsleg med øvrige kraftanlegg med grunnlag i nye reglar.

Dersom det viser seg nødvendig å endre dagens evigvarande konsesjonar for offentlege eigarar til tidsbegrensa konsesjonar, er det kommunen sitt syn (som mindretalet) at også evigvarande rettigheitar hos dei private konsesjonærane må gjerast om på same måte.

7 Vertskommunen sine interesser

Heimfallsutvalet foreslår å vidareføre dagens lovbestemte heimfallsrettigheitar for dei berørte vertskommunane, men med visse begrensingar i gjeldende trappetrinnsreglar. Forslaget, samen med forslaget om å innføre tidsbegrensa konsesjonar for alle (anten straks som fleirtalet

eller ved transaksjon som mindretalet), vil føre til at omfanget av anlegg som heimfaller aukar vesentleg.

Kommunen støtter forslaget til vidareføring av vertskommunane sine rettigheitar og forslaget til ny trappetrinnsregel, slik eit samla utval går inn for.

Ordføraren si tilråding:

Surnadal kommunestyre sine synspunkt kan samanfattast slik:

- *Heimfallssaka gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og berører vitale verdier for det norske samfunnet både i dag og for våre etterkommarar.*
- *Strøm er i tillegg til handelsvare også ein heilt nødvendig infrastruktur i samfunnet på linje med mellom anna renovasjon, vatn og avløp. Det er derfor viktig med ein tung og spreidd offentleg eigarskap, og nye heimfallsreglar må ha som mål fortsatt å stimulere til slik eigarskap*
- *Fleirtalet sitt forslag kan føre til press på sal av offentlege eigardelar og tek i vare verken dei nasjonale interesser eller omsynet til dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar, som ønsker fortsatt eigarskap.*
- *Mindretalet sitt forslag gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar. Transaksjonsalternativet er den modellen som klart best ivaretek kommunen sine interesser som eigar både på kort og lang sikt.*
- *Kommunen støttar slik mindretalet sitt forslag og viser til grunngevingane som er gitt i mindretalsmerknaden*
- *Den norske stat må sørge for ei avklaring av EØS-avtalen si betydning for framtidige konsesjons- og heimfallsregler. Vi viser i den samanheng til utgreiinga til KS frå dr. juris Finn Arnesen, som viser at Norge har eit større handlingsrom enn det som kjem fram i utvalet si innstilling.*
- *Saka må ikkje fremmast for endeleg behandling før grundige konsekvensutgreiingar ligg føre. Saka si store betydning tilseier at befolkinga må få vere med på å få ta stilling til saka gjennom det kommande stortingsvalet. Saka må slik ikkje behandlast endeleg før neste stortingsperiode.*

Behandling i Kommunestyret den 17.02.2005

Votering:

Ordføraren si tilråding samrøystes vedteke.

Kommunestyret sitt vedtak:

Surnadal kommunestyre sine synspunkt kan samanfattast slik:

- Heimfallssaka gjeld eigarskapen til vasskraftsektoren og berører vitale verdiar for det norske samfunnet både i dag og for våre etterkommarar.
- Strøm er i tillegg til handelsvare også ein heilt nødvendig infrastruktur i samfunnet på linje med mellom anna renovasjon, vatn og avløp. Det er derfor viktig med ein tung og spreidd offentleg eigarskap, og nye heimfallsreglar må ha som mål fortsatt å stimulere til slik eigarskap
- Fleirtalet sitt forslag kan føre til press på sal av offentlege eigardelar og tek i vare verken dei nasjonale interesser eller omsynet til dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar, som ønsker fortsatt eigarskap.
- Mindretalet sitt forslag gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar. Transaksjonsalternativet er den modellen som klart best ivaretek kommunen sine interesser som eigar både på kort og lang sikt.
- Kommunen støttar slik mindretalet sitt forslag og viser til grunngevingane som er gitt i mindretalsmerknaden
- Den norske stat må sørge for ei avklaring av EØS-avtalen si betydning for framtidige konsesjons- og heimfallsregler. Vi viser i den samanheng til utgreiinga til KS frå dr. juris Finn Arnesen, som viser at Norge har eit større handlingsrom enn det som kjem fram i utvalet si innstilling.
- Saka må ikkje fremmast for endeleg behandling før grundige konsekvensutgreiingar ligg føre. Saka si store betydning tilseier at befolkninga må få vere med på å få ta stilling til saka gjennom det kommande stortingsvalet. Saka må slik ikkje behandlast endeleg før neste stortingsperiode.

Utskrift sendt til:

Det Kongelige Olje- og energidepartement
Postboks 8148 Dep.
0033 OSLO